



FOTO: TINGH

Samarbeid mellom kommunal

rusomsorg/NAV

og den offentlige

tannhelsetenesta



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Tannhelsetilbudet gjeld for:

Personar som på grunn av eit rusmiddelproblem mottar tenester etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2, første ledd nr. 6, bokstav b og c, jfr § 3-1, første og andre ledd og § 2-1a i pasient- og brukarrettighetslova. Brukaren må ha mottatt slike tenester samanhengande i tre månader eller meir. Akutthjelp ved vedtak med kortare varigheit enn 3 månader utløyser honorar.

Personar som er i Legemiddelassistert rusbehandling (LAR).

- Tilbodsbrev kan lastast ned frå: <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Tannhelse/Folkehelse-og-samhandling>, eller bli delt ut ved nærmaste off. tannklinikk og den kommunale oppfølgingstenesta. Tilbudet gjeld berre for personar som høyrer til målgruppa jf. første avsnitt i tilbodsrevet.
- Alle felt i tilbodsrevet skal fyllast ut. Vedtak, adresse og om samtykke til SMS for påminning om timeavtale. For tannhelsetenesta er det og viktig at namn og tlf. nr til kontaktperson er med.
- Det ferdig utfylte tilbodsrevet skal sendast nærmaste offentlege tannklinikk. Tilbudet gjeld så lenge vilkåra varer. Ved opphøyr av vedtak, gi tilbakemelding til tannhelsetenesta.
- Pasienten blir registrert på tannklinikken og får tilbod om time på lik linje med grupper prioritert etter lov om tannhelsetenesta.
 - Første besøk er som regel undersøking, råd og veiledning i eigenomsorg, -utført av tannpleiar, før pasienten blir henvist tannlege.
 - Unntak dersom behov for akutt hjelp.
- Dersom pasienten ikkje møter til time, skal tannhelsetenesta sende eit «ikkje møtt» brev til pasienten, om at han sjølv må ta kontakt for ny time.
- Dersom pasienten skal behandlast hos ein privatpraktiserande tannlege som fylkestannlegen har avtale med, sender den off. tannklinikken tilbodsrevet vidare til vedkomande tannlege. (Tilbodsbrevet skal IKKJE sendast frå pasienten sjølv, eller frå kommunal rusomsorg/NAV til den privatpraktiserande tannlege).
- Behandlande tannlege/tannpleiar har informasjonsplikt til pasienten om behandlingsbehov. Det skal gis informasjon frå behandlande tannlege om individuell behandlingsplan, jf. Veilederen «God klinisk praksis i tannhelsetjenesten...» (IS-1589).
- Dersom rusmiddelmissbrukarar ikkje fyller krava for rettar til gratis tannbehandling, jf. første avsnitt, sjå Folketrygdens stønad til dekning av utgifter til tannbehandling.
- Tannhelsetenesta og kommunal rusomsorg/NAV skal ha årlege samarbeidsmøte i samsvar med samarbeidsavtalen, for oppdatering av målgruppa og avklare spørsmål om tilbudet.

AKTUELLE LOVER OG FØRINGAR

Aktuelle lover og føringar for tilbudet og samarbeidet:

Lovdata.no

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester.
Lov om sosiale tenester i NAV Kap. 4 §17.
Lov om pasient- og brukarrettigheter.
Lov om tannhelsetjenesten.

Helsedirektoratet.no

Veileder «God klinisk praksis i tannhelsetjenesten» IS-1589.

Regjeringen.no

Rundskriv Nr. I-2/2006.

Brev frå Helse og omsorgsdepartementet 26.01.2012 «Nødvendig helsehjelp for rusmiddelavhengige videreføres uendret etter ikrafttredelse av helse- og omsorgstjenesteloven» sendt til Landets kommuner, fylkeskommuner og fylkesmenn i 2012.

Folketrygdens stønad til dekning av utgifter til tannbehandling (rundskriv I-7 2017).

Samarbeidsavtale

mellom tannhelsetenesta og kommunal rusomsorg/NAV kommune.

Målgruppe:

- Personar som på grunn av eit rusmiddelproblem mottar tenester etter helse og omsorgstenestelova § 3-2, første ledd nr.6, bokstav b og c, jf § 3-1, første og andre ledd og § 2-1a i pasient og brukarrettighetslova. Brukaren må ha mottatt slike tenester samanhengande i tre månader eller meir.
- Personar som er i Legemiddelassistert rusbehandling (LAR).

Mål:

Utvikle eit godt og effektivt samarbeid mellom tenestene som medverke til at tannhelsa blir ein del av helsetilbodet brukaren har krav på.

Kommunal rusomsorg/NAV sitt ansvar:

- Gi informasjon om tilbodet til målgruppa og fordele tilbods brevet om gratis nødvendig behandling frå tannhelsetenesta.
- Returnere tilbods brevet i utfylt stand til brukaren sin nærmaste offentlege tannklinik.
- Namn på kontaktperson skal stå på tilbods brevet (dette er viktig dersom pasienten ikkje møter). Kontaktpersonen må så langt som råd, hjelpe brukaren å følgje opp timeavtaler.
- Gje tannhelsetenesta tilbakemelding om brukarar har flytta eller ikkje lenger har rett på tilbodet.
- Delta på årlege samarbeidsmøte med tannhelsetenesta.

Tannhelsetenesta sitt ansvar:

- Innkalle til samarbeidsmøte mellom kommunal rusomsorg/NAV og tannhelsetenesta ein gong pr. år.
- Sikre at personen med eit rusmiddelproblem får nødvendig tannbehandling, råd og veiledning i munnstell, ut frå sin helsetilstand.
- Gje tilbakemelding om nødvendige munnpleie-tiltak til oppfølgingstenesta i kommunen, dersom behov for hjelp til oppfølging av munnstell (informert samtykke.) Ansvarsfordeling er gjort med utgangspunkt i gjeldane lover og forskrifter.

Dato:

.....
Leiar for kommunal rusomsorg/NAV

.....
For tannhelsetenesta



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Fylkeshuset, 6412 Molde
Telefon 71 25 80 00
post@mrfylke.no
mrfylke.no